

ORDNING FOR HOVUDGUDSTENESTA – ÅL SOKN

4. Forenkla gudsteneste utan nattverd

Program prest, organist og medliturg

I. SAMLING

Klökkeringing

Informasjon om gudstenesta i dag.

Informasjonen blir avslutta med: Lat oss vera stille for Gud.

Kort stille. Tre klokkeslag

PRELUDIUM

INNGANGSSALME

Kyrkjelyden reiser seg

INNGANGSORD

Liturg (L): Kjære kyrkjelyd. Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far og Herren Jesus Kristus.

SAMLINGSBØN

Medliturg (ML): Lat oss be:

Alle: Gud, du er midt iblant oss. Du omgjev oss på alle sider. Hald oss i di hand. Amen.

GLORIA

Høveleg lovsongsvers.

Viss det er **dåp**, kjem han her, og truvedkjenninga blir flytta hit.

Lat oss vedkjennast forsakinga og trua som vi blir døypte til.

Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen.

Eg trur på Gud Fader... *Dåpsliturgi finn du annan stad i permen*

II. ORDET

Her kan det følgje ein salme.

EVANGELIUM

Evangeliet kan bli lese frå midtgangen

L eller ML: Det står skrive i evangeliet etter...

Kyrkjelyden reiser seg

Lesinga sluttar med: Slik lyder det heilage evangeliet.

Kyrkjelyden set seg

PREIKE

Kort stille eller meditativ musikk.

TRUVEDKJENNING

ML: Lat oss vedkjennast vår heilage tru.

Kyrkjelyden reiser seg

Alle (A): Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre, som vart avla ved Den Heilage Ande, fødd av Maria møy, pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, døydde og vart gravlagd, fór ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen, fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader, skal koma att derifrå og døma levande og døde.

Eg trur på Den Heilage Ande, ei heilag, allmenn kyrkje, eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av lekamen og evig liv. Amen.

I forenkla gudstenester særleg retta mot mindre born, kan liturgen avgjere at ein i staden nyttar:

A: Eg trur på Gud Fader, skaparen min. Eg trur på Jesus Kristus, frelsaren min. Eg trur på Den Heilage Ande, hjelparen min i liv og død.

Kyrkjelyden set seg

SALME

III. FORBØN

KUNNGJERINGAR

(- kan plasserast her, i forkant av gudstenesta, eller bli formidla til kyrkjelyden på annan måte.)

FORBØN FOR KYRKJA OG VERDA

Liturgen leier forbøna. Kyrkjelyden sitt bønnesvar (K) kan variere, men ofte nyttar vi: Herre, høyr vår bøn.

For formulerte forbøner, sjå gudstenestepermen.

I forbøna inngår:

Gud, du kjenner og elsker oss alle.

Vi har gjort deg imot.

Vi har gløymt deg og det du vil vi skal gjera.

Vi har tenkt meir på oss sjølve enn på andre.

Tilgjev oss for Jesu skuld.

HERRENS BØN

A: Vår Far i himmelen. Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen. Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi tilgjev våre skuldnarar. Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.

TAKKOFFER FRÅ KYRKJELYD - *under ein salme/instrumental musikk/vokal musikk.*

TAKKOFFERBØN

L: Evige Gud, di er jorda og det som fyller henne. Alt vi eig høyrer deg til. Av ditt eige gjev vi deg attende. Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.

V. SENDING

SALME

Kyrkjelyden reiser seg

VELSIGNINGA

L: Lat oss prisa Herren.

K: Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.

L: Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred.

K: Amen. Amen. Amen.

3x3 bønslag

Kyrkjelyden set seg

POSTLUDIUM

UTSENDING

L: Gå i fred. Ten Herren med glede.